

Ingebjørg Ryssdalsnes

6823 Sandane

23.10.15

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

v/ Eva Solhaug Fosshagen

Fylkeshuset

Askedalen 2

6863 Leikanger

### Klage på oppheving av vedtak om skuleskyss

Eg viser til brev datert 05.10.15 ang. sak nr. 15/8218-5.

Eg vil med dette klage på oppheving av vedtak om skuleskyss for dottera mi, Kristine Ryssdalsnes Horvli.

I brevet står det at avstanden heim – skule er målt til 5,2 km. Dette stemmer nok dersom det er vegen langs E 39 de måler. Mine born har aldri reist til skulen langs denne vegen. For dei er det naturleg å gå 100 meter ifrå huset til dei kjem til Kandalsvegen, ein mykje mindre trafikkert veg enn E39, som ligg ca 200-300 meter frå huset vårt.

Ungane mine har alltid reist med bussen som kjem ifrå Breim, svingar av i Kandalskrysset og kører gjennom Ryssdal og Søreide til Sandane. Dette har dei gjort i alle år, og dottera mi har også gjort det på heile vidaregåande, heilt til de no plutseleg har funne ut at ho ikkje har rett på gratis skyss lenger, mindre enn eitt år før ho er ferdig på skulen.

Til opplysning er skulevegen gjennom Søreide, som ungane mine nyttar seg av i dag, 7,1 km, målt ifrå parkeringsplassen vår til Firdahallen, der bussane stansar.

Det er uaktuelt at min yngste son på 9 år skal krysse sterkt trafikkerte E39 for å ta buss til skulen når han kan følgje ein buss som går rett forbi innkøyrsla til huset vårt, langs ein veg som er lite trafikkert. Og det er vel ikkje rimeleg at søskena skal gå i kvar si retning for å ta buss til skulen?

Ber om litt velvilje i denne saka, og håpar at de godtek klagen.

Med helsing

Ingebjørg Ryssdalsnes